Fjord kommune
Tlf. 418 67 800
post@fjord.kommune.no
www.fjord.kommune.no

# Utleigebustader Fjord kommune

Fjord kommune ynskjer å inngå tildelings-avtale med firma som har til formål å eige, forvalte og leige ut bustader. Bustadane skal vere eit supplement til kommunen sine eigne utleigebustader.

Ein tildelingssavtale gir kommunen rett til å anvise bustadsøkjarar til bustadane som er omfatta av avtalen. Bustadeigar inngår deretter leigekontrakt med den enkelte bustad-søkjar.

**Ein slik tildelingsavtale:**

- Er ein avtale og samarbeid mellom kommunen og utleigar
- Gir kommunen tildelingsrett til bustadane i 30 år
- Gir mogelegheit til lån fra Husbanken, samt eingongstilskot til oppføring av bustaden
- Skal nyttast til vanskeligstilte på bustad-marknaden
- Er for husstandar med ulik grad av behov for oppfylgjing frå kommunen.

Dersom kommunen ikkje har behov, kan bustaden leigast ut på det åpne marked, i samsvar med fristar som er gitt i avtalen.
For nærare informasjon om utleigebustader med tildelingsrett, sjå Veiviseren.no

**Bustadane**
Fjord kommune har no behov for tildeling av bustader med 2-3 rom. Vurdert behov er to til fire i Stordal og to til fire i Valldal.
Bustadane skal ha ein kvalitet/standard som tilsvarar nye eigarbustadar.

**Finansiering**
Ved etablering av utleigebustadar med tilde-lingsavtale gjennom nybygging, ombygging eller ved kjøpsprosjekt, kan det søkjast om lån og tilskudd til Husbanken. Du finner mer informasjon på www.veiviseren.no

**Dokumentasjon**
Ved valg av aktør/prosjekt vil vi vektlegge:

- skildring av utleigeselskapet
- plan for forvaltning av bebuerar og bumiljø
- husleigenivå
- kvalitet- og bustadstandard
- tidspunkt for ferdigstilling
- bustadane si beliggenheit.

Tilbyder må sjølv skaffe tomt til bygge-prosjekt.

**Tilbodet må innehalde:**
Beskrivelse av utleigeselskapet med firma-attest og skatteattest nyare enn 6 månader.
Plan, snitt og fasadeteikningar av utleigebygg, samt situasjonsplan.
All innsendt dokumentasjon fra tilbyderar vil bli behandla konfidensielt fram til eventuell avtale er inngått.

Tilbod sendast til Fjord kommune, post@fjord.kommune.no **innan 14.12.21.** Ein føresett at tilboda har ein vedståingsfrist på 90 dagar.

**For meir informasjon**
Ta kontakt med Fjord kommune
v/ økonomisjef Arne Krohn,
arne.krohn@fjord.kommune.no
eller ved leiar bygg og kommunalteknikk,
trond.alstadsaeter@fjord.kommune.no

**Spørsmål knytt til Husbanken sine** finsansieringsordningar, kan rettast til senior-rådgiver Birger Jensen i Husbanken:
birger.jensen@husbanken.no